

# DET NORSKE TEATRET






*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets  
Vis-à-vis  
Nationaltheatret*

c 15g/14/9157

En forfriskende pause



DRIKK

*Coca-Cola*

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert taperi:

Jarlsberg Mineralvann A/S



*William Shakespeare.*

# OTHELLO

MOREN I VENEZIA

Skodespel i 5 akter, 14 scenebilette

Av William Shakespeare

Til norsk ved Ragnvald Skrede

Regi: TORMOD SKAGESTAD  
Dekor og kost: ARNE VALENTIN  
Musikk: ARNE NORDHEIM  
Våpenbruk: ASBJØRN MADSEN


SESONGEN 1966/67

*Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker*



**Walter Jacobsen a.s**  
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.




## SHAKESPEARE-SESONG

Ikkje på mange år har Det Norske Teatret gjeve seg i kast med Shakespeare – den dramatikar som framfor nokon annan stiller store krav til eit ensemble og eit teater, men som òg er eit fundament teatret kan vekse på. Hans menn og kvinner har dei kvalitetar som gjev dei evig liv på scenen, og alltid nytt liv med skiftande tider. Alle hans skodespel er rike, fulle spektra som tids-epokane brytst i, slik at ulike fasettar kjem i fokus. I andleta til Hamlet, Macbeth og kong Lear speglar vår tids ånd seg, slik eit anna sekel, ja eit anna tiår såg andre spegelbilete i desse uutgrunnelege, fascinerande andletsdrag.

Det Norske Teatret vågar seg denne sesongen på to av hovudverka: «Othello» og «Hamlet». Fleire grunnar ligg bak ei slik disponering, men ikkje minst denne: Å trengje inn i Shakespeares dramatiske verd er ikkje gjort på nokre få veker; det krev av instruktør og skodespelarar ei djupare innleving over eit lengre tidsrom enn skodespel flest. Det er oppgåver alle må få tid og ro til å vekse seg inn i og finne ei kunstnarleg løysing på. Det er derfor naturleg å la Shakespeare prege ein heil sesong.

«Othello» kjem først. Det er i all sin kraftfulle og dynamiske utfalding eit mindre samansett drama enn

**1891 - 75 ÅRS JUBILEUM - 1966**



REDNINGSSKØYTENE  
reddet i 1965 39 mennesker  
fra drukningsdøden, og var  
til hjelp for 3842 mennesker.

**STØTT SJØFARER –  
AKSJONEN**

**Send ditt  
bidrag  
til**

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING  
Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500026 Bankgiro 900026/51

*Den kresne kvinne finner alltid  
vei til*

**Pikant**

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28



«Hamlet» – og hovudrolletolkaren Earle Hyman kjem her inn som ein rik inspirasjon med sin årelange bakgrunn som Othello-tolkar av ypparste klasse.

«Othello» er eit drama om sjalusi på mange plan. Sjalusien er den blinde lidenskap som formørkar Othellos syn og sans – ei gift som går han i blodet og bryt han ned på eit primitivt nivå der all hans edle klokskap og hans aristokratisk forfina vesen må vike for mørke undergrunnskrefter som har lege latente i djupet av hans natur. Men også Iago er driven av sjalusi, ein merkeleg samansett sjalusi som ein vanskeleg kan sjå botnen i. Han kjenner seg djupt krenkt fordi Othello har vraka han og peika ut den unge, vakre Cassio som sin næraste offiser. Han har dei dessutan begge mistenkte for bragder i si ekteseng, med Emilia. Men bak desse rasjonelle motiv som han sjølv kjem fram med, ligg ein destruksjonslidenskap av irrasjonell natur: Han er sterkt bunden til Othello i hat og vanvørnads, han *må* øydeleggje mannen, og han brukar alle middel som kan tenkjast å føre til *det* målet, enda om dei ber med seg død og undergang for andre. Mange ting i teksten tyder på at Iago lid av eit impotenskompleks som han tar hemn for gjennom eit intelligent, men kynisk spel med menneskelagnader, eit spel han set i gang med vitande og vilje, men som han sjølv blir fanga inn i, og blir eit offer for. Sjalusimotivet tar seg opp att

Framhald side 27.



## EARLE HYMAN FOR ANDRE GONG

Så er Earle Hyman attende på Det Norske Teatret, denne gongen i si store glansrolle: «Othello». Den har han spela i New York med Shakespeares eigen tekst, i Bergen, på Riksteatret og i Göteborg på riksmål, — og no på nynorsk i Ragnvald Skredes omsetjing. Berre dette suverene omskifte frå språk til språk i ei og same rolle vitnar om ein musikalitet av sjeldan kaliber, og dessutan om ein innsatsvilje som ikkje kjenner hindringar. Det ligg målmedvite arbeid gjennom månader bak hans nynorske Othello, der ikkje berre språket, men heile regien, scenebilete og arrangement, er bygd opp frå grunnen av. Earle Hyman har gått inn i det med stor elastisitet og open evne og vilje til spontant samspel med nye motspelarar. Han har vore ein inspirator for alle, og ein streng målestav: teatret er hans liv, og det krev han heilt — det finst ikkje rom for kompromiss.

Earle Hyman har i dag to fedreland — han står med eitt bein i det dynamisk omskiftelege Amerika, med det andre i vesle Noreg: ein avsidessliggjande flekk på kloten som han har tapt sitt hjarta til. Kvar han til slutt hamnar, må tida vise. Han er i alle fall hjarteleg velkomen hos oss, både no og sidan.

T. S.



Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

DET er virkelig livskunst

LYTT TIL

*Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonar i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

*Moderne damer*

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

Kle dem riktig — det er viktig!

**HELNOR** Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

ESPEN SKJØNBERG  
PÅ  
DET NORSKE

«Iago» er Espen Skjønbergs presentasjonsrolle på Det Norske Teatret. Rett nok spela han Josef K. i «Prosessene» i fjor, men han var da gjest.

Vi er glade for å ha denne fine, spanande scenekunstnaren fast på teatret, og ser fram til dei ting han skal gjera på *vår* scene. Han har alt eit «normalt» skodespelarliv bak seg, når ein tenkjer på dei roller han har spela, og dei sigrar han har vunne. Likevel er han ikkje eldre enn at han står på terskelen til sine manndomsår. Måtte dei oppgåver vi kan gje han, bli til glede og framgang for han og for teatret.

T. S.





William Shakespeare: SONETT 57

*Kva kan eg anna, slaven din eg er,  
enn til kvar tid og time tene deg?  
For tid og tenester av noko verd  
er einast dei då du har bruk for meg.  
Eg tel kvar ventetimen klokka slår,  
men vågar aldri klaga på mi vakt,  
ei heller hyse agg for di du går  
når du din tenar fyrst farvel har sagt,  
ei heller grunde svartsjuk til og frå  
på kven du gjestar eller kva du gjer,  
men som ein sorgal slave tenkje på  
kor sæle dei må vera der du er.  
Så einfelt trugen er ei slavesjel  
at kva du tek deg til, trur ho deg vel.*

Frå «MED LÅNT LYRE»

Fråmand lyrikk på norsk ved Hartvig Kiran

Det Norske Samlaget

# OTHELLO

MOREN I VENEZIA

Skodespel i 5 akter, 14 scenebilette  
Av William Shakespeare

Til norsk ved Ragnvald Skrede

Regi: TORMOD SKAGESTAD

Dekor og kost: ARNE WALENTIN

Musikk: ARNE NORDHEIM

Våpenbruk: ASBJØRN MADSEN

Inspisient: ARPAD SZEMES

Kostyma er laga på

systema til DNT ved RANDI SKAHJEM

PAUSE ETTER 9. SCENEBILETE



Personane:

HERTUGEN AV VENEZIA .....	Henrik Anker Steen
BRABANTIO, ein senator .....	Øyvind Øyen
1. SENATOR .....	Kåre Wicklund
2. SENATOR .....	Helge Essmar
GRATIANO, bror til Brabantio .....	Asbjørn Toms
LODOVICO, slektning av Brabantio ..	Odd Furøy
OTHELLO, ein adeleg mor .....	Earle Hyman
CASSIO, løytnanten hans .....	Svein Erik Brodal
IAGO, fenriken hans .....	Espen Skjønberg
RODERIGO, ein herre frå Venezia ....	Jon Eikemo
MONTANO, Othellos føremann på Kypros .....	Jack Fjeldstad
HEROLDEN .....	Svein Scharffenberg
DESDEMONA, dotter til Brabantio, kona til Othello .....	Lise Fjeldstad
EMILIA, kona til Iago .....	Ingebjørg Sem
BIANCA, elskarinna til Cassio .....	Anita Rummelhoff
HERRAR PÅ KYPROS .....	{ Birger Thurn-Paulsen Atle Merton Erik Øksnes
KVINNE PÅ KYPROS .....	Michaela Spandow
BODBERAREN .....	Svein Scharffenberg
SJØMANNEN .....	Erik Øksnes
EIN OFFISER .....	Birger Thurn-Paulsen

## OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag  
Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,  
ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og  
20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

### *En trykkesak*

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

*Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri*  
Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

### **B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

**Førsteklasses arbeide garanteres**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*


Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

## FRÅ TORS DAGSTEATRET TIL U-TEATRET

Av praktiske grunnar må Torsdagsteatret flyttast til søndag. Dette krev namnebyte. Vi døyper det om til U-TEATRET. Ein slik U kan stå for så mangt: upopulær serie, upop, utanfor allfarvegen, – og skulle det iblant gå reint gale: utur. Parolen blir altså: Alt på U, sjanseseilas og eksperimentering med skodespel og scenisk form. Men måtte i alle fall ein U halde seg på god fråstand: utan ambisjonar. For ambisjonar har vi med U-teatret. Så får resultatet bli slik eller slik. Førebels er det «Kjærleikshagen», polsk-inspirert pantomime i Henryk Tomaszewskis regi.





Likar De å følgje med?

Få  
syn for segn  
les

**SYN  
OG  
SEGN**


*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.


Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1  
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

**det norske samlaget**





Arne  
Walentin  
og  
Scene-  
modellen  
til  
Othello.



LIVSTRYGDELAGET  
**ANDVAKE**  
MØLLERGT. 16. - OSLO 1



### **Kos Dem i høstkveldene**

Pynt opp med vakre broderier. De bringer  
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPECIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

*Spesialisten i*

*Stempel, merkeverktøy og stemplingsmaskiner,  
elektriske og manuelle.*

*John* **KROGSTIE** AS

FABRIKK: GRØNLANDSL. 37 — OSLO 1 — TELEFON 33 73 08 - 33 58 31

KONTOR: STORGATEN 9 — OSLO 1 — TELEFON 67 63 73 - 67 63 74

**GRAVØR - SKILTFABRIKK - STEMPELFABRIKK - ETIKETTER**

### **Spesialforretning i TV - radio**

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør  
det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

**Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37**

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



Personalet på stipendtur

## POLEN VIL HA HAN!

Pantomime kan vera farleg nok. Det kan m. a. føre til at dyktige nok menneske i faget, som ikkje det vi veit kan nemnande polsk, blir bedne om å bli verande i t. d. Tomaszewski's Kompani. For godt.

Kva sa ikkje Hauk Aabel: Ein dram er for mykje. To er passeleg. Tre er for lite.

Etter røynslene sine frå to månaders studieopphald i pantomime i Wroclaw seier *Ola B. Johannessen* det såleis:

— Eitt glas vodka er godt. To glas er betre. Tre kan vera nøkkelen til mellomfolkeleg brorskap.

Etter ein liten samtale med *Ola B.* er vi ikkje i tvil om at såleis vart det. Brorskapen mellom folk frå mange land sprang nok likevel fram meir på grunnlag av pantomimen enn av vodkaen – trass i alt. Den norske gjesten greidde seg storvegnes med eit stipend frå Venner av Det Norske Teatret og eit tilskot frå Kulturkontoret i UD.

— Det var inga sak. I Dom Aktora, hybelhus for teaterfolk, fekk eg ikkje betale eitt øre.

— Fordi du er nordmann – eller fordi du er skodespelar?

— Av begge årsaker, visstnok.

— Vi forstår at Wroclaw har utvikla seg til noko av eit européisk avant garde-senter, med Tomaszewski og Grotowski i brodden. Andre teateropplevingar?



**S. BRUUN A/S**

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer  
Elektriske apparater m. m.*

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*

**for DEM som  
foretrekker  
furumøbler...**

**\*PeiseStua\***

**J. ERIKSEN A/S FILIAL**

**Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22**

**GODE PARKERINGSFORHOLD**



— Mengder. Det mest morosame var elles Shakespeares «As You Like It» i Warszawa. Det var sett opp av Madame Skuszanda, kunstnarleg leiar for ei rekkje polske teater. Det heile byrja som fjørleitt komedie. Skogen var ei enorm samling mistelteinar som hang ned over scenen. Gradvis vart det meir og meir alvorleg, til det enda i epilogen med ein sviande satire. Moderne polsk-komponert hammondorgel-musikk; heile ensemblet nynna med til sist. «Hedda Gabler» i Warszawa var merkeleg tradisjonell, og underspela på eit vis.

— Polsk teater generelt?

— Overlag avansert, men ingen ting lenger av hysteri over eksperimenta. Ikkje minst reint teaterteknisk ligg polsk teater på eit heilt anna og monaleg høgare plan enn vi til vanleg ser det her heime, både i lyssetjing, dekorasjonar og kostyme.

I Warszawa er det eit utal av faste scenar. Der såg eg m. a. ei oppsetjing av Kafkas «Slottet», mykje avansert. Eg sat og tenkte med meg at hadde det vorte oppført her på same vis, ville det venteleg ha fått same lagnad som vår «Prosessen» fekk i fjor. Det vart rett nok kritikar-suksess så det sat, men ingen publikumssuksess. Publikumsinteressa for alt teaterliv i Warszawa er enorm.

— Du har reist mykje?

— Det har vorte ein god del teater i Paris – og på Théâtre des Nations fekk ein oppleva teater frå mange land. Tyskland har det vorte mindre av for meg. Meir London.

— Hadde du og dine polske og utanlandske vener full personleg fridom?

— Absolutt! Eg la aldri merke til noka som helst form for sensur, på teatret eller utanfor. I Polen vart det t. d. spela dramatikkk som var på svartelista litt lenger vest, om du skjønar kva eg meiner.

LIVSTRYGDISG - PENSJONSTRYGDISG

# GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

MIDT PÅ KARL JOHAN  
EGERTORVET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greit

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

## BØNDERNES BANK

ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige presanger

*i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.*

## ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 — TLF. 44 29 23 - kl. 11—15

THAU



**Karvi - et godt navn i 52 land**

— Er det sant, som vi har høyrte frå anna hald, at Tomaszewski ville knyte deg til Kompaniet sitt for godt?

— Ja.


— Men —?

— Skagestad vil at vi skal halde på og halde ved lag pantomimegruppa vår her på teatret. Det er rett — og mykje gledeleg. Pantomimen er, brukt rett, eit mektig pluss til uttrykksmidla våre.

— Så du blir?

— Ja. Av mange årsaker, sjølv sagt.

IE.



## NATIONALTHEATRET

Hovedscenen:

«BRAND»

av Henrik Ibsen

I tittelrollen: Toralv Maurstad

Dekorasjoner Dag Frogner

Regi: Barthold Halle

«VI SNAKKET OM ROSER»

av Frank Gilroy

Dekorasjoner: Per Schwab

Regi: Toralv Maurstad

«FUGLEESKERNE»

av Jens Bjørneboe

Dekorasjoner: Per Schwab

Regi: Carl Maria Weber

*Première medio november*

A m f i s c e n e n :

«QUINDER! KVINDER!

KVINNER!

av Sandro Key-Åberg

Dekorasjoner: Per Schwab

Regi: Aloysius Valente

## OSLO NYE TEATER

«GRUPPEN»

Skuespill av Finn Havrevold

Regi: Alfred Solaas og

Merete Skavlan

«ALLE ELSKER

FRØKEN OPAL»

Komedie av John Patrick

Regi: Jon Lennart Mjøn

Barneteatret

i *Folketaterbygningen:*

«ONKEL TOM»

Dramatisert av Sverre Gran

Regi og koreografi: Guri Ludt

Dukketeatret

i *Bymuseet på Frogner:*

«DEN FORVANDLEDE

BRUDGOM»

av Ludvig Holberg

Regi: Guri Ludt

## DEN NORSKE OPERA

«EUGEN ONEGIN»

Opera av P. Tsjaikovskij

Regi: Joan Cross

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

William Cappell

Koreografi: Henny Mürer

Ballettaften:

«Sylfidene», «Apollon Musagète»,

«Napoli» (3. akt)

Koreografi:

Fokine/Balanchine/Bournonville

Musikk: Chopin - Stravinskij

Paulli/Gade/Bech m. fl.

Dekor: Kae Tang (Sylfidene),

John Olsson (Napoli)

Kostymer:

Thor Sutowski

(Apollon Musagète, etter orig.)

Musikalsk ledelse:

Zdenko Peharda

«FIGAROS BRYLLUP»

Opera av W. A. Mozart

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

Arne Walentin

Koreografi: Kari Wang

Ballettaften:

«GISELLE»

Koreografi etter Coralli

Musikk: Adolphe Adam

Dekorasjoner: Gunnar Alme

Kostymer:

Ivar Ferdinand Karlsen

Musikalsk ledelse:

Zdenko Peharda

Etter 15. november kommer i tillegg:

«POPPEAS KRONING»

Opera av Claudio Monteverdi

Regi: Joan Cross

Dirigent: Raymond Leppard/

Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

William Cappell



*Framhald frå side 7.*

på andre plan: Roderigo er eit lett bytte for Iagos intrigeopplegg fordi han elsker Desdemona og derfor hatar Othello; Bianca rasar i primitiv sjalusi mot Cassio da ho trur seg sviken av han. Også i Brabantios sorg over Desdemonas svik ligg sjalusien like under. Slik rullar heile dramaet fram som ein monoman symfoni mot ein bakgrunn av krig og okkupasjon og rasehat: ein labil atmosfære som intrigane lett kan gro i og lidenskapane vekse i, til dei får overmenneskelege dimensjonar og løyser ut tragedien.

*Tommy Skovsted*



## PÅ SPELPLANEN

Pantomimeframsyninga «Kjærleikshagen» av Henryk Tomaszewski vil bli spela ein eller to gonger i veka. 17. november får «Tango» av Slawomir Mrozek première. Regien er av Barthold Halle, dekorasjon av Guy Krohg, og i hovudrolla spelar Finn Kvalem. «— som ein ange av blommar» av James Saunders med Lise Fjeldstad i hovudrolla og «Et dukkehjem» med Monna Tandberg som Nora, vil òg bli spela nokre gonger i haust.

Vi tek til med prøver i oktober på «Blues for Mr. Charlie» av James Baldwin, regi Pål Skjønberg, dekor Arne Walentin, og i januar med «Hamlet» i Tormod Skagestads regi.

For dei unge og yngste blir «Taremareby» spela 10 gonger i siste halvdel av oktober, og 3. november er det première på ein musical for born: «Karamellapparatet» av Evert Lundström, musikk og viser av Jan Moen. Asbjørn Toms har regien og Snorre Tindberg dekorasjonane.

## Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas*

# GRILLSTOVA



**Bonde-  
ungdomslaget  
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.  
Internasjonalt kjøken og norske  
spesialitetar. — Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda,  
100 m opp frå Karl Johan.*

**Ope kvardagar kl. 9—23**

## Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,  
livdyr, ull, huder og skinn

*12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120 000 medlemmer*

